

Radøy Ungdomsskule

v/Rektor

FAU 2017/2018

Radøy Ungdomsskule

Storheim 04.03.2018

På møte i FAU 12.02.2018 vart det vedtatt å senda innspel og spørsmål om VISMA til skulen.

Slik FAU forstår det er VISMA meint som ein kommunikasjons og informasjonsplattform mellom skule og føresette. VISMA er diskutert på FAU møte og det er fleire punkt FAU ynskjer at skulen klårgjer.

- Kan føresette få epost eller sms når noko er lagt ut på VISMA?
- Kan ein opna VISMA på mobil?
- Kor lenge ligg det informasjon om elevar på VISMA?
- Gir skulen føresette opplæring i bruk av VISMA? Når skjer det i så fall?
- Ynskjer skulen at kommunikasjon med lærarane skal føregå på VISMA?
- Kan ein finna terminkarakterar for fleire år vha VISMA?
- Er VISMA eit prøveprosjekt for Radøy kommune? Skal det evaluerast av føresette og skulen sine tilsette?

FAU konstanterar at ikkje alle lærarane brukar VISMA, noko me meiner er naudsynt for at VISMA skal verta nytta funksjonellt og av alle. Alle prøvar og framføringar som påverkar karakterane må liggja under 'vurderingar' etterkvart.

FAU foreslår at det på innkallinga til føredremøter og samtaletimar vert lagt ved ei oppskrift for korleis ein loggar inn på VISMA (noko minst ein lærarar gjer).

FAU har i tillegg eit spørsmål om kva som skal til før elevar får varsel om nedsett karakter i orden eller åtferd. Mellom medlemmane i FAU er det ulik oppfatning om kor mange åtvaringar ein elev skal få før føresette får varsel om fare for nedsetjing av karakter. FAU er av den oppfatninga at reglane for nedsetjing av karakter i orden og åtferd skal vera lik for alle elevar ved Radøy Ungdomsskule og ber rektor klårgjera dette.

Mvh Berit Marie Storheim

(leiar FAU 2017/2018)